



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	31.10.2024
Møtetid:	15:00 - -20:00
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, Kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morten Sognnes	ordfører	H	
Aslak André Bakke	medlem	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Terje Håland	medlem	AP	
Monika Thorpe	medlem	AP	
Reidar Ulvøy	medlem	AP	
Anette Kaland	medlem	AP	
Renee Hansen	medlem	SAM	
Semmingsen			
Ingeborg Lohne	medlem	SAM	
Hordvik			
Bjørn Inge Håland	medlem	SP	
Dyrkolbotn			
Reidar Øksnes	medlem	SP	
Gro Kaland	medlem	SP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Hege Ramsland	MEDL	H
Kristoffer Myklebusthaug	MEDL	H
Oskar Nordgard	MEDL	H
Frank Erik Øksnes	MEDL	INP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Dag Arne Solberg		H	
Magnus Kvingedal		H	
Therese Vik		INP	
Siv Inga Brekke		H	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kristin Nesbø	møtesekretær
Bjørnar Fjellhaug	kommunedirektør
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef
Trine Merete Jansen	kommunalsjef
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Kristin Nesbø

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 90/2024	Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 31. oktober 2024	
PS 91/2024	Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 26. september	
PS 92/2024	Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 31.10.2024	
PS 93/2024	Referatsaker til kommunestyremøtet 31. oktober 2024	
RS 47/2024	Verneplan for dei eldste gravminnene i Austrheim	
RS 48/2024	Knarvik vidaregåande skule og heilskapleg tilbudsstruktur i Vestland fylkeskommune	
RS 49/2024	Protokoll 5-2024 Regionrådet Nordhordland fredag 13. september 2024	
RS 50/2024	Protokoll Austrheim kontrollutval 02.10.2024	
RS 51/2024	Møteutskrift sak 36/24 framlegg til budsjett for kontrollarbeidet	
RS 52/2024	Tilsegn om tilskot for prosjektet - strandpromenade og pir i Nordre Fønnesvågen - BSU-189-24	
PS 94/2024	Demensvennleg samfunn, samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen	
PS 95/2024	Oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtak i desember 2023 - Arbeidssenter med meir	
PS 96/2024	Arbeidsgjevarstrategi for Austrheim kommune 2025-2030	
PS 97/2024	Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028	
PS 98/2024	Overordna revisjonsstrategi 2024	
PS 99/2024	Eigarskapsmelding Austrheim kommune 2024-2027 - revidering	

- | | |
|-------------|---|
| PS 100/2024 | Plan for eigarskapskontroll 2024-2028 - innstilling frå kontrollutvalet |
| PS 101/2024 | Godkjenning av utbyggingsavtale med Kystlandsbyen AS |
| PS 102/2024 | Møteplan for 2025 |
| PS 103/2024 | Tilskot til bygging av tre siloar i samband med bygging av lausdriftsfjøs på Solend |
| PS 104/2024 | Symjebasseng - vidare arbeid |

PS 90/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 31. oktober 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Handsaming i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 90/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 31. oktober 2024:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 90/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 31. oktober 2024:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

PS 91/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 26. september

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Handsaming i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 91/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 26. september:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 91/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 26. september:

Møteprotokollen frå kommunestyret 26. september 2024 vert godkjent.

PS 92/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 31.10.2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret tek orienteringane til vitende.

Handsaming i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 92/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 31.10.2024:

Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om verneplan for dei eldste gravminna i Austrheim.

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om at det ikkje har vore hendingar med uværet i dag.

Bassenget på Kaland er ordna og kan truleg nyttast frå mandag. Prosjektet kjem til å evaluerast. Det er viktig å si at det ikkje er pussa opp, det er fiksa det som var nødvendig. Medd nye lovar og reglar kan det kome utfordringar.

Ordførar Morten Sognnes, Monika Thorpe (Ap) og Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) orienterte frå arbeidsgruppa for nytt svømmebasseng. Med i arbeidsgruppa er også Didrik Lerøy frå svømmegruppa og Atle Vaage frå administrasjon.

Har vore på synfaring i fleire kommunar. Eigarskapet var ulikt, men i hovudsak kommunalt eigarskap. Sjå eige presentasjon.

Handsaming i møtet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 92/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - KS 31.10.2024:

Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

PS 93/2024 Referatsaker til kommunestyremøtet 31. oktober 2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Referatsakene vert teke til vitande.

Handsaming i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 93/2024 Referatsaker til kommunestyremøtet 31. oktober 2024:

Magnus Kvingedal (H) tok ordet og uttrykte si bekymring i saka om Knarvik vidaregåande skule, og heilskapeleg tilbodsstruktur i Vestland fylkeskommune.

Rene Semmingsen (SL) sa seg einig, men påpeika at fylkestinget er klar på at dei ikkje ønsker reine yrkesfaglege skular. Ho sa vidare at vi ikkje bør lage meir uro, men følge med og sjå heile Nordhordland samla.

Per Lerøy (Ap) uttrykker også at det er uheldig at det kjem opp no, og han sa vidare at ein tidlegare har stått saman for eit best mogeleg studietilbod i Nordhordland samla sett og at vi må mane til samarbeid.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at i skulesaka, det er gjort eit godt arbeid for Austrheim vgs. Vi bør invitere Fylkesdirektøren ut her slik at vi kan stille nokre spørsmål. Han er fylkesdirektør for heile fylket.

Reidar Ulvøy (Ap) : Finansiering av bygg - korleis skal vi gjere det? Sal av tomter. Kva skjer med industritomta på Mongstad?

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund svara at sidan salet er i prosess, no så kan han ikkje svare.

Reidar Øksnes (Sp) - sa at han har forståing for svaret, men håpar kommunestyret snart får ei orientering om salet.. Administrasjon stadfesta at det truleg kjem i neste møte.

Terje Håland (Ap) sa om AVS at TIF er blitt svært populært, det rammar studiespesialisering og at vi må kjempe for å halde på studiespesialisering i Austrheim, det er avgjerande for skulen si framtid.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 93/2024 Referatsaker til kommunestyremøtet
31. oktober 2024:

Referatsakene vert teke til vitande.

RS 47/2024 Verneplan for dei eldste gravminnene i Austrheim

RS 48/2024 Knarvik vidaregåande skule og heilskapleg tilbodsstruktur i Vestland fylkeskommune

RS 49/2024 Protokoll 5-2024 Regionrådet Nordhordland fredag 13. september 2024

RS 50/2024 Protokoll Austrheim kontrollutval 02.10.2024

RS 51/2024 Møteutskrift sak 36/24 framlegg til budsjett for kontrollarbeidet

RS 52/2024 Tilsegn om tilskot for prosjektet - strandpromenade og pir i Nordre Fonnesvågen - BSU-189-24

PS 94/2024 Demensvennleg samfunn, samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet støttar forslag til samarbeidsavtale slik den føreligg.

Handsaming i Levekårsutvalet - 30.09.2024 av sak 32/2024 Demensvennleg samfunn, samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen:

Åshild Sandvin Olsson orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Utvalseiar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 30.09.2024 av sak 32/2024 Demensvennleg samfunn, samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen:

Levekårsutvalet støttar forslag til samarbeidsavtale slik den føreligg

Handsaming i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 94/2024 Demensvennleg samfunn, samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka jf. saksutgreiinga.

Ingeborg Hordvik (SL) - tok ordet i saka og slutta seg til orienteringa.

Denne saka har vore til handsaming i Levekårsutvalet 30.09.24. Innstillinga frå Levekårsutvalet vart vedteke av kommunestyret.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for levekårsutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 94/2024 Demensvennleg samfunn, samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen:

Kommunestyret støttar forslag til samarbeidsavtale slik den føreligg.

PS 95/2024 Oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtak i desember 2023 - Arbeidssenter med meir

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet støttar at Arbeids- og aktivitetssenteret held fram i noverande lokale og sluttar seg til framlegg til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet - 30.09.2024 av sak 33/2024 Oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtak i desember 2023 - Arbeidssenter med meir:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Utvalsmedlem Inger-Lise Brekke, som har leia gruppa som har jobba med denne saka, orienterte om arbeidet dei har gjort.

Utvalsleiar Per Lerøy refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Levekårsutvalet - 30.09.2024 av sak 33/2024 Oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtak i desember 2023 - Arbeidssenter med meir:

Levekårsutvalet støttar at Arbeids- og aktivitetssenteret held fram i noverande lokale og sluttar seg til framlegg til vedtak.

Handsaming i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 95/2024 Oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtak i desember 2023 - Arbeidssenter med meir:

Kommunalsjef Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka jf. saksutgreiinga.

Leiar i arbeidsgruppa Inger Lise Brekke presenterer gruppa sitt arbeid. Gruppa starta sitt arbeid i mai 2024.

Gro Kaland (Sp) spurte om tilstand på huset. og Inger Lise Brekke svarte på spørsmålet, med at arbeidsgruppa har hatt møte der, og ser at noko er pussa opp, men og at det er potensiale for å gjere noko meir. Anne Hildegunn Færøy sa seg einig i svaret og sa vidare at ein ikkje ønsker å gjere for mykje når det kanskje blir endringar, men på kort sikt må ein kanskje gjere noko.

Denne saka har vore til handsaming i Levekårsutvalet 30.09.24. Innstillinga frå Levekårsutvalet vart vedteke av kommunestyret.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for Levekårsutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 95/2024 Oppfølging av verbalpunkt i budsjettvedtak i desember 2023 - Arbeidssenter med meir:

Kommunestyret støttar at Arbeids- og aktivitetssenteret held fram i noverande lokale og sluttar seg til framlegg til vedtak.

PS 96/2024 Arbeidsgjevarstrategi for Austrheim kommune 2025-2030

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek [Arbeidsgjevarstrategi for Austrheim kommune 2025-2030](#).

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 10.10.2024 av sak 21/2024 Arbeidsgjevarstrategi for Austrheim kommune 2025-2030:

Trine Merete Jansen orienterte om dokumentet arbeidsgjevarpolitikk for Austrheim kommune. Dokumentet byggjer på vedtekne planar og styringsdokument og skal ikkje vere eit nytt og langt dokument. Strategien er forankra i vedtekne styringsdokument og viser til lenker for å lese vidare på dei allereie vedtekne styringsdokument.

Arbeidsgjevar strategien er bygd opp med følgjande element: 1. Arbeidsgjevarstrategi, 2. Visjon, verdiar og etikk, 3. Identitet, 4. Satsingsområde.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 10.10.2024 av sak 21/2024 Arbeidsgjevarstrategi for Austrheim kommune 2025-2030:

Austrheim kommunestyre vedtek Arbeidsgjevarstrategi for Austrheim kommune 2025-2030.

Handsaming i Administrasjonsutvalet - 24.10.2024 av sak 19/2024 Arbeidsgjevarstrategi for Austrheim kommune 2025-2030:

Fungerande kommunedirektør Trine M. Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Det blei diskutert litt rundt namnet på strategien, om det skulle vore med noko om arbeidstakar i namnet. Det var semje om at arbeidsgjevarstrategi var mest dekkande, men at det omfattar også arbeidstakarane.

Per Lerøy (Ap) etterlyste meir innhald om seniorpolitikk, og om rett til permisjonar. Om permisjonar svara kommunedirektør Jansen at det er vanskeleg for kommunen dersom det vert gitt for mange permisjonar, for då kan kommunen berre tilby mellombelse stillingar i denne perioden, noko som er lite attraktivt for dei arbeidssøkande.

Lerøy la til at det bør vera mogleg å gje permisjonar i tilfelle der nokon har vore lojal og har lang tilsetting, Jansen svara at det vert gjort individuelle vurderingar av desse søknadene.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i administrasjonsutvalet:

Samrøystes for Arbeidsmiljøutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Administrasjonsutvalet - 24.10.2024 av sak 19/2024 Arbeidsgjevarstrategi for Austrheim kommune 2025-2030:

Innstillinga frå administrasjonsutvalet til kommunestyret:

Austrheim kommunestyre vedtek Arbeidsgjevarstrategi for Austrheim kommune 2025-2030.

Handsaming i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 96/2024 Arbeidsgjevarstrategi for Austrheim kommune 2025-2030:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om arbeidsgjevarstrategien, jamfør saksutgreiinga.

Denne saka har vore til handsaming i Administrasjonsutvalet 24.10.24. Innstillinga frå Administrasjonsutvalet vart vedteke av kommunestyret.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for Administrasjonsutvale sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 96/2024 Arbeidsgjevarstrategi for Austrheim kommune 2025-2030:

Austrheim kommunestyre vedtek Arbeidsgjevarstrategi for Austrheim kommune 2025-2030.

PS 97/2024 Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har følgjande tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for 2024 – 2028 med følgjande område i prioritert rekkefølge:

- 1. Sentraladministrasjonen – økonomi*
- 2. Barnehage/skule – lovar og reglar*

Uprioritert liste:

- *Pleie og omsorg – økonomisk berekraft*
- *Teknisk – vatn/avløp*
- *Sentraladministrasjonen/teknisk – beredskap*
- *Sentraladministrasjonen – arkiv/innsyn*

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommunelova § 23-3.

Handsaming i Formannskapet - 24.10.2024 av sak 85/2024 Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028:

I denne saka var ikkje formannschaftsmedlem Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) til stades.

Fungerande kommunedirektør Trine M. Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 24.10.2024 av sak 85/2024 Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har følgjande tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for 2024 – 2028 med følgjande område i prioritert rekkefølge:

- 1. Sentraladministrasjonen – økonomi*
- 2. Barnehage/skule – lovar og reglar*

Uprioritert liste:

- Pleie og omsorg – økonomisk berekraft*
- Teknisk – vatn/avlaup*
- Sentraladministrasjonen/teknisk – beredskap*
- Sentraladministrasjonen – arkiv/innsyn*

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommunelova § 23-3.

Handsaming i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 97/2024 Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Denne saka har vore til handsaming i Formannskapet 12.10.24. Innstillinga frå Formannskapet vart vedteke av kommunestyret.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for Formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 97/2024 Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028:

Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for 2024 – 2028 med følgjande område i prioritert rekkefølge:

1. Sentraladministrasjonen – økonomi
2. Barnehage/skule – lovar og reglar

Uprioritert liste:

- Pleie og omsorg – økonomisk berekraft
- Teknisk – vatn/avlaup
- Sentraladministrasjonen/teknisk – beredskap
- Sentraladministrasjonen – arkiv/innsyn

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommunelova § 23-3.

PS 98/2024 Overordna revisjonsstrategi 2024

Handsaming i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 98/2024 Overordna revisjonsstrategi 2024:

Saka skulle vore referatsak.

Alle referatsakene er handsama i PS 93/2024

Vedtak i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 98/2024 Overordna revisjonsstrategi 2024:

PS 99/2024 Eigarskapsmelding Austrheim kommune 2024-2027 - revidering

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Eigarskapsmelding Austrheim kommune 2024-2027 vert godkjent slik den ligg føre.
- 2.Kommunen sine reglar for eigarstyring, samt eit oversyn over selskap kommunen har eigarinteresser i, skal gjerast lett tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Handsaming i Formannskapet - 24.10.2024 av sak 83/2024 Eigarskapsmelding Austrheim kommune 2024-2027 - revidering:

I denne saka var ikkje formannschaftsmedlem Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) til stades.

Fungerande kommunedirektør Trine M. Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 24.10.2024 av sak 83/2024 Eigarskapsmelding Austrheim kommune 2024-2027 - revidering:

- 1.Eigarskapsmelding Austrheim kommune 2024-2027 vert godkjent slik den ligg føre.
- 2.Kommunen sine reglar for eigarstyring, samt eit oversyn over selskap kommunen har eigarinteresser i, skal gjerast lett tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Handsaming i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 99/2024 Eigarskapsmelding Austrheim kommune 2024-2027 - revidering:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Denne saka har vore til handsaming i Formannskapet 12.10.24. Innstillinga frå Formannskapet vart vedteke av kommunestyret.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for Formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 99/2024 Eigarskapsmelding Austrheim kommune 2024-2027 - revidering:

- 1.Eigarskapsmelding Austrheim kommune 2024-2027 vert godkjent slik den ligg føre.
- 2.Kommunen sine reglar for eigarstyring, samt eit oversyn over selskap kommunen har eigarinteresser i, skal gjerast lett tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

PS 100/2024 Plan for eigarskapskontroll 2024-2028 - innstilling frå kontrollutvalet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har følgjande innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 med følgjande område i prioritert rekkefølge:

- 1. Austrheim kommunale eignedomsselskap*
- 2. Aufera*
- 3. IKT Nordhordland (i samarbeid med andre eigarkommunar)*
- 4. Bergen Hamn AS*

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommunelova § 23-4.

Handsaming i Formannskapet - 24.10.2024 av sak 84/2024 Plan for eigarskapskontroll 2024-2028 - innstilling frå kontrollutvalet:

I denne saka var ikkje formannschaftsmedlem Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) til stades.

Fungerande kommunedirektør Trine M. Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Dette er framlegget frå Kontrollutvalet:

Kontrollutvalet har følgjande innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 med følgjande område i prioritert rekkefølge:

1. Austrheim kommunale eignedomsselskap
2. Aufera
3. IKT Nordhordland (i samarbeid med andre eigarkommunar)
4. Bergen Hamn AS

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommunelova § 23-4.

Per Lerøy (Ap) ba om at ein stryk punktet om eigarskapskontroll i Bergen Hamn. Dette er eit ordinært aksjeselskap som driv etter sine reglar, og Lerøy sa at det ikkje er riktig ressursbruk å driva med eigarskapskontroll der, også sett opp mot at Austrheim sin eigardel er rundt 1 prosent.

Lerøy (Ap) sitt framlegg er slik:

Kontrollutvalet si innstilling, minus punkt 4.om Bergen Hamn AS:

Kommunestyret vedtek plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 med følgjande område i prioritert rekkefølge:

1. Austrheim kommunale eiedomsselskap
2. Aufera
3. IKT Nordhordland (i samarbeid med andre eigarkommunar)

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommunelova § 23-4.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegga til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for Per Lerøy sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 24.10.2024 av sak 84/2024 Plan for eigarskapskontroll 2024-2028 - innstilling frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet si innstilling, minus punkt 4.om Bergen Hamn AS:

Kommunestyret vedtek plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 med følgjande område i prioritert rekkefølge:

1. Austrheim kommunale eiedomsselskap
2. Aufera
3. IKT Nordhordland (i samarbeid med andre eigarkommunar)

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommunelova § 23-4.

Handsaming i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 100/2024 Plan for eigarskapskontroll 2024-2028 - innstilling frå kontrollutvalet:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Denne saka har vore til handsaming i Formannskapet 12.10.24. Innstillinga frå Formannskapet vart vedteke av kommunestyret.

Per Lerøy (Ap) - tok ordet i saka og refererte formannskapet si innstilling.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for Formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 100/2024 Plan for eigarskapskontroll 2024-2028 - innstilling frå kontrollutvalet:

Kommunestyret vedtek: Kontrollutvalet si innstilling, minus punkt 4.om Bergen Hamn AS:

Kommunestyret vedtek plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 med følgjande område i prioritert rekkefølge:

1. Austrheim kommunale eignedomsselskap
2. Aufera
3. IKT Nordhordland (i samarbeid med andre eigarkommunar)

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommunelova § 23-4.

PS 101/2024 Godkjenning av utbyggingsavtale med Kystlandsbyen AS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framforhandla utbyggingsavtale mellom Austrheim kommune og Kystlandsbyen AS vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunen sin kostnad med utbygging av pumpestasjon for avløp, vert finansiert ved unytta midlar til investering VA.

Handsaming i Formannskapet - 24.10.2024 av sak 82/2024 Godkjenning av utbyggingsavtale med Kystlandsbyen AS:

I denne saka var ikkje formannschaftsmedlem Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) til stades.

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 24.10.2024 av sak 82/2024 Godkjenning av utbyggingsavtale med Kystlandsbyen AS:

Framforhandla utbyggingsavtale mellom Austrheim kommune og Kystlandsbyen AS vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunen sin kostnad med utbygging av pumpestasjon for avløp, vert finansiert ved unytta midlar til investering VA.

Handsaming i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 101/2024 Godkjenning av utbyggingsavtale med Kystlandsbyen AS:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiing.

Denne saka har vore til handsaming i Formannskapet 12.10.24. Innstillinga frå Formannskapet vart vedteke av kommunestyret.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for Formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 101/2024 Godkjenning av utbyggingsavtale med Kystlandsbyen AS:

Framforhandla utbyggingsavtale mellom Austrheim kommune og Kystlandsbyen AS vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunen sin kostnad med utbygging av pumpestasjon for avløp, vert finansiert ved unytta midlar til investering VA.

PS 102/2024 Møteplan for 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i vedlegget.

Handsaming i Formannskapet - 24.10.2024 av sak 86/2024 Møteplan for 2025:

I denne saka var ikkje formannskapsmedlem Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) til stades.

Fungerande kommunedirektør Trine M. Jansen orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Formannskapet kom med tilleggsframlegg, der dei ba om:

1. Ei presisering på at kommunestyremøta skal vera ferdige til klokka 21.00.
2. At det vert lagt inn ein ekstra runde med formannskap og kommunestyre i april/mai, og ein runde i august/september

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med tillegg frå formannskapet.

Vedtak i Formannskapet - 24.10.2024 av sak 86/2024 Møteplan for 2025:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i vedlegget, med desse tilleggga:

1. Ei presisering på at kommunestyremøta skal vera ferdige til klokka 21.00.
2. At det vert lagt inn ein ekstra runde med formannskap og kommunestyre i april/mai, og ein runde i august/september

Handsaming i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 102/2024 Møteplan for 2025:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om møteplan, jamfør saksutgreiinga.

Denne saka har vore til handsaming i Formannskapet 12.10.24. Innstillinga frå Formannskapet vart vedteke av kommunestyret.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med endringane frå formannskapet.

Vedtak i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 102/2024 Møteplan for 2025:

Kommunestyret vedtek møteplanen slik den ligg føre i vedlegget (Møtekalender 2025 - med adm og amu - etter innspel frå formannskapet) med tillegg om at kommunestyremøta skal vera ferdige til klokka 21.00.

PS 103/2024 Tilskot til bygging av tre siloar i samband med bygging av lausdriftsfjøs på Solend

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår at denne søknaden vert vurdert i tråd med retningslinjene for næringsfond som no er under utarbeiding av ei eiga gruppe (ref sak 68/2024), då det er per i dag ikkje økonomisk handlingsrom til å gje denne typen tilskot.

Handsaming i Formannskapet - 24.10.2024 av sak 80/2024 Tilskot til bygging av tre siloar i samband med bygging av lausdriftsfjøs på Solend:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) la fram to ulike framlegg til vedtak:

«Austrheim Arbeiderparti foreslår at søknaden om tilskot vert innvilga og ber om at kommunedirektøren kjem tilbake til kommunestyret med opplysningar om korleis dette kan finansierast på inneverande års og neste års budsjett.»

Og:

«Austrheim kommune løyver kr 1,5 millionar i tilskot til bygging av tre siloar på Solend. Midlane vert betalt ut i samband med søknad om ferdigattest for dei tre siloane og lausdriftsfjøset. Budsjettarbeidet hausten 2024 avgjer kva post tilskotet skal finansierast frå.»

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at han ville støtta Ap, med tanke på at landbruket er viktig både for å hindra attgroing og sikra beredskap på mat.

Per Lerøy (Ap) viste til at arbeidet mot attgroing og å sikra naturmangfald er argument for å støtta silo-utbygginga.

Ordførar Morten Sognnes (H) sa at han ikkje vil støtta dette no, men heller venta på at retningslinjene til det nye næringsfondet er på plass. Sognnes ba om at saka vart utsett til næringsfondet er på plass.

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes sa at det er viktig å avklara om dette skal gå frå investeringsbudsjett eller driftsbudsjett, og la til at ved ei løyving så må ein peika på kvar midlane skal hentast frå.

Kommunalsjef Rosenlund sa at dersom dette skal finansierast gjennom sal av eigedommar, må ein gjera om på dei føringane som er gitt om at alle slike salsinntekter skal gå til finansiering av nytt helsetun.

Ordførar Sognnes (H) kom med framlegg om å utsetja saka til kommunedirektøren kan komma tilbake med punkt om kvar finansieringa skal hentast frå, og ikkje gjera noko løyving her.

Frank Erik Øksnes (INP) sa at kvar søknad uansett må handsamast individuelt, alt etter kva økonomi kommunen har.

Per Lerøy (Ap) sa at dette ikkje vil skapa presedens, det er ikkje tilsvarende gardsbruk i kommunen i dag.

Fungerande kommunedirektør Trine M. Jansen sa at det er viktig å avklara om det er investering eller drift.

Avrøystingsrekkefølge:

Det vart røysta over utsetjingsframlegget frå Morten Sognnes (H), dette fekk støtte frå Morten Sognnes og fall. Dei som røysta mot var Per Lerøy (Ap), Ann Kristin Leirvåg (Ap), Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) og Frank Erik Øksnes (INP).

Etter noko endring vart det røysta over nytt framlegg frå Per Lerøy (Ap):

«Austrheim kommune løyver kr 1,5 millionar i tilskot til bygging av tre siloar på Solend. Midlane vert betalt ut i samband med søknad om ferdigattest for dei tre siloane og lausdriftfjøset. Midlane skal hentast frå disposisjonsfondet.»

Dette vart vedteke med fire mot ei røyst. Morten Sognnes, Høgre, røysta mot. Dei som røysta for var Per Lerøy (Ap), Ann Kristin Leirvåg (Ap), Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) og Frank Erik Øksnes (INP).

Handsaming i formannskapet:

Framlegget frå Per Lerøy (Ap) vart vedteke med fire mot ei røyst (Morten Sognnes, Høgre, røysta mot)

Vedtak i Formannskapet - 24.10.2024 av sak 80/2024 Tilskot til bygging av tre siloar i samband med bygging av lausdriftsfjøs på Solend:

Austrheim kommune løyver kr 1,5 millionar i tilskot til bygging av tre siloar på Solend. Midlane vert betalt ut i samband med søknad om ferdigattest for dei tre siloane og lausdriftfjøset. Midlane skal hentast frå disposisjonsfondet.

Handsaming i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 103/2024 Tilskot til bygging av tre siloar i samband med bygging av lausdriftsfjøs på Solend:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiing.

Aslak Bakke (H) tok ordet i saka og la fram forslag til vedtak frå Høgre:
Høgre stiller seg positiv til søknaden om tilskot til tre siloar. Austrheim kommune skal opprette næringsfond i desember og tildeling/dekning av tilskott må følgje retningsliner for næringsfondet. Midlar til næringsfondet vert dekt frå sal av tomter/overføring frå disposisjonsfondet.

Per Lerøy (Ap) tok ordet i saka. Skulle gjerne hatt dette via Næringsfondet, for 10 mnd sidan gjorde vi vedtak om Næringsfondet. Retningslinjene og midlar er ikkje på plass enda.

Det vart bedt om gruppemøte.

Vidare tok Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp), Aslak Bakke (H) og Per Lerøy (Ap) ordet i saka før gruppemøtet.

Gruppeleiarmøte.

Fellesframlegg etter gruppemøte: Kommunestyret stiller seg positiv til søknaden om tilskot til tre siloar og gir 1,5 mill. i tilskot når ferdigattest for siloane i samband med lausdriftsfjøs føreligg. Austrheim kommune skal opprette næringsfond i desember. Tildeling/dekning av tilskott blir dekt av næringsfondet. Næringsfondet vert tilført midlar frå sal av tomter/overføring frå disposisjonsfondet.

Ordførar Morten Sognnes (H) las opp framlegg til vedtak.

Samrøystes for fellesframlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 103/2024 Tilskot til bygging av tre siloar i samband med bygging av lausdriftsfjøs på Solend:

Kommunestyret stiller seg positiv til søknaden om tilskot til tre siloar og gir 1,5 mill. i tilskot når ferdigattest for siloane i samband med lausdriftsfjøs føreligg. Austrheim kommune skal opprette næringsfond i desember. Tildeling/dekning av tilskott blir dekt av næringsfondet. Næringsfondet vert tilført midlar frå sal av tomter/overføring frå disposisjonsfondet.

PS 104/2024 Symjebasseng - vidare arbeid

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeida mandat og etablera eit forprosjekt for framtidig symjeanlegg i tråd med kommunen sitt vedtekne reglement for investeringsprosjekt. Kostnad med forprosjektet vert innarbeid i budsjettet i tredje tertialjustering.

Handsaming i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 104/2024 Symjebasseng - vidare arbeid:

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegg til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Kommunestyret - 31.10.2024 av sak 104/2024 Symjebasseng - vidare arbeid:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeida mandat og etablera eit forprosjekt for framtidig symjeanlegg i tråd med kommunen sitt vedtekne reglement for investeringsprosjekt. Kostnad med forprosjektet vert innarbeid i budsjettet i tredje tertialjustering.

